



* Prots dirigerer prosjektkoret i velkjend stil.

Musikalsk magi i kyrkja

«Sommerlandet», av Eyvind Skeie, som vart framført i Herøy kyrkje søndag, vart ei magisk, musikalsk feststund. Mykje folk hadde funne vegen til kyrkja, og dei fekk med seg ei minnerik konsertoppleveling med kor, musikarar, solist og forteljar. Og det let vakkert og stemningsfullt. Det var ei frys for både auge og øyre.

Dirigentguruen Prots, Per Oddvar Hildre, hadde korseminar i Herøy frå fredag til søndag. 56 korsongarar hadde meldt seg på. Til Vestlandsnytt opplyser han at det vart eit svært vellukka seminar med intense øvingar fram mot framføringa av Sommerlandet søndag kveld. Og den framføringa sat som eit skot. Klappsalvane runga mot aktørane og ville knapt ta ende då konserten var over. Det var



* Forteljar Cecilie Jørstad nærmast trollbatt publikum med forteljarkunsten sin.



* Torunn Sævik tolka songane i Sommerlandet med stor innleving og flott stemmeprakt.

tydeleg at det som vart framført i Herøykatedralen fall i smak.

Eyvind Skeie si bok om Sommerlandet er utgitt i mange land og i store opplag. Det er ei sterkt forteljing om håp, som med stor varme omhandlar eit vanskeleg tema, døden. Boka vart til då eit barn døde, som -eit "hjelphemiddel" for dei sorgande. Boka eignar seg godt både for vaksne og barn i møte med døden. Sommerlandet fortel om ei vandring som barnet legg ut på etter døden. Barnet vandrar gjennom mørket fram mot Sommerlandet. Vi får del i barnet sine skiftande kjensler undervegs.

Konsertprogrammet med musikk, songar og forteljing,

fangar publikum. Den aserbajdzanske komponisten, Galib Mamedov har komponert melodiane til Skeie sine tekstar, og Tord Gustavsen har arrangert musikken for kor, solist og instrument. Solisten Torunn Sævik er frå Herøy, men har budd i Trondheim i fleire år. Ho møtte heimepublikum med flott tolking av songane og fin stemmeprakt.

Skodespelaren Cecilie Jørstad nærmast tro Il batt publikum med magisk forteljarkunst og stor innleving. Sommerlandet var kultur på høgt nivå. Ei kveldsstund til å bli glad av.

PeMo